



Erstad & Lekven Utbygging AS
Paradisalléen 8
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7672 - 17/10051

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
30.03.2017

Mellombels bruksløyve - Punkthus 1 Langheiane B6 - gbnr 188/769 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 156/17

Tiltakshavar: Erstad & Lekven Utbygging AS
Ansvarleg søkjar: Erstad & Lekven Utbygging AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert rammeløyve datert 09.07.15, igangsettingsløyve datert 03.09.15 og 23.02.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Gjenstående arbeider frem mot ferdigstilt

Angi gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes midlertidig bruksstillatelse for

Legge jord på uteområder. Blir utført når været tilsier det.

F_leik1 blir opparbeidet innen 30. juni 2017 i samarbeid med Langheiane felt B7, gnr/brn 188/770 (jf. sak nummer 17/45).

Topp lag/asfalt på f_KV, fra o_KV til innkjøring garasje, er utsatt ga. frost. Det er lovet ferdigstilt i uke 11, dersom mildvær.

Angi resterende deler av tiltaket hvor det her ikke søkes om midlertidig bruksstillatelse

Langheiane 77 og Langheiane 81-89

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Punkthus 1, inkludert felles garasjeanlegg innanfor felt B6.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.17.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.03.17 og supplert 21.03.17, 30.03.17 og mellombels uttale frå NGIB datert 30.03.17, i høve gangveg køyrbar ved uttrykkning mellom Lonsvegen og F_KV.

VURDERING



Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Langheiane 79, 5914 Isdalstø
Bygningstiltak:	Punkthus 1 «PH1» inkludert felles garasjeanlegg – 17 bueiningar
Bygningsnummer:	300594437
Bruksareal:	PH1 1626,7 m ² , felles garasjeanlegg 1342,6 m ²
Vatn- og avløp	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for «PH1» og felles garasjeanlegg i felt B6 på eigedom gbnr. 188/769. Mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: PH1 og felles garasjeanlegg.**
- 2. Før Punkthus 2 «PH2» kan takast i bruk skal køyrbar gangveg frå Lonsvegen til F_KV vere framkommeleg for stigebil ved utrykning jf. uttale frå NGIB datert 30.03.17, svingradius må tilpassast stigebil.**
- 3. ferdigattest/bruksløyve for PH2 og einebustadar i rekkje.**
- 4. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.17.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attstående arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7672

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Erstad & Lekven Utbygging AS

Paradisallèen 8

5232

PARADIS